



Sogndal kommune

Kommunalteknikk

**Oversyn over
tekniske normar i
Sogndal kommune**

Sogndal 2014

1 Innleiing

Dette dokumentet syner alle normene og rettleiingar som i Sogndal kommune

1.1 Gjeldande normer og rettleiingar

- Overtaking av VVA-anlegg
- VA-norm
- Veg-norm
- Overvassnorm
- Søknad om graveløyve
- Standard abonnementsvilkår for sanitæranlegg
- Røyrleggjarmeldingar (vert klar i løpet av 2015)
 - o Søknad om tilkobling
 - o Registrering av vassmålar
 - o Frakopling av VA-leidning
 - o Ferdigmelding av arbeid på VA-anlegg

1.2 Oversyn over kva normene og rettleiingane inneheld

1.2.1 Rettleiing for overtaking av private VVA-anlegg

Rettleinga inneheld informasjon om kva Sogndal kommune krev av private VVA-anlegg for vi skal overta dei. I all hovudsak vert berre anlegg som er bygd etter VA- og veg-norma overteke. Dette må dokumenterast.

Vidare ønskjer kommunen at det for nye anlegg vert nytta utbyggingsavtale der eventuell overtaking er omtalt.

1.2.2 VA-norm

VA-norma gjev opplysningar om kva vi krev av VA-anlegg som skal byggast, anten det er i kommunal regi eller i privat regi. Alle VA-anlegg som kommunen skal overta, skal vere bygd etter norma.

1.2.3 Veg-norm

Veg-norma gjev opplysningar om kva vi krev av veganlegg som skal byggast, anten det er i kommunal regi eller i privat regi. Alle veganlegg som kommunen skal overta, skal vere bygd etter norma.

1.2.4 Overvassnorma

Norma seier i all hovudsak at vatn skal handterast lokalt, og at ein skal prøve å nytte vatnet som eit gode i lokalmiljøet. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det utarbeidast ein overvassplan i høve til overvassnorma.

1.2.5 Søknad om graveløyve

Før graving vert starta i offentleg veg eller på offentlig område skal det fyllast ut eit graveløyveskjema. Skjemaet skal fyllast ut av Sognekraft, Telenor og VA-avdelinga i kommunen. Dette for å sikre at viktig infrastruktur ikkje vert øydelagt av graving.

Graving på privat grunn krev ikkje graveløyve. Vi anbefaler likevel sterkt at det vert fylt ut søknad om graveløyve då det gjev tryggleik for at ein ikkje grev over offentlig infrastruktur.

1.2.6 Røyrleggjarmelding

Røyrleggjarmelding skal nyttast ved endring mellom det offentlege og private leidningsnett. Skilje mellom privat og offentlig nett går som regel i ein kum eller direkte på eit leidningsstrek. Påkoplingspunktet er alltid privat.

1.2.7 Standard abonnementsvilkår for sanitæranlegg

Standard abonnementsvilkår for sanitæranlegg er utarbeida av KS, og er standard vilkår for alle abonnentar av VA-tenestar.